



Tomannsbustaden reiser seg i Øvre Halsabrotet. Tre nye einebustader i bakgrunnen.

**Det er verkeleg kjekt å vera vitne til byggjeaktiviteten som føregår i bygda. Stadig ser vi nye byggverk som reiser seg! I dag er reisverket til veggene til tomannsbustaden i Øvre Halsabrotet komne opp. Dette skjer medan dei 3 einebustadene lengre oppe i feltet er innflytta eller nærmar seg innflytting.**

Med denne tomannsbustaden vert trinn 1 i dette byggefeltet ferdig. Det er Byggfirma Kjell Høyland AS som står for oppføringa av denne bustaden. Erlend Bjørnebøle i Øvre Halsabrotet byggefelt fortel at den eine delen av tomannsbustaden er selt medan han foreløpig ikkje har kjøpar til den andre. Her er det råd å sikra seg leilighet med fantastisk panoramautsikt og gode naboar!

Når det gjeld trinn 2 i feltet seier Erlend at ikkje noko er setla enno. Det er på tankestadiet. Han legg til at mykje tilretteleggingsarbeid også for dette trinnet er gjort.

- Plutseleg skjer det kanskje noko, avsluttar han.

Like nedanfor dette feltet er det god aktivitet i Nedre Halsane byggefelt med planering og grunnarbeid. Der er det klart for oppstart med støyping av sole til tremannsbustad. I Ospelunden går det i sprenging, planering og grunnarbeid til den neste einebustaden som skal oppførast der. På Brekktoppen er Geir Rusten godt i gang med å gjera det tidlegare Mollo-bygget om til leilegheter. 6 bustadeiningar skal det verta.

Jammen er det mykje aktivitet på byggjefronten i bygda. Det gjev god grunn til optimisme!



[Storarbeid er i gang for å gjera Mollo-bygget om til 6 leiligheter.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland